

Fjord Inkubator AS - Søknad om finansiering

Fylkesdirektøren rår Hovudutval for plan og næring til å gjere slikt vedtak:

- 1 Sogn og Fjordane Fylkeskommune løyver kr 450.000 frå fylkeskommunale driftsmidlar til Fjord Inkubator AS v/ Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS for tidsrommet 2005 – 2006.
- 2 Sogn og Fjordane Fylkeskommune har som intensjon å følgje opp med årlege løyvingar for 2007 – 2009. Ein føreset at Fjord Inkubator ved utgangen av år 2006 viser at ein oppnår resultat i samsvar med målsettingar og omtale av innhald i prospektet datert mai 2005
- 3 Sogn og Fjordane Fylkeskommune gir tiltaket status som tiltak for iverksetting av fylkesplanen for 2005 – 2008. Ein føreset dermed at Fjord Inkubator AS deltek i koordineringsaktivitet i regi av fylkesplanarbeidet.

Prenta vedlegg:

Prospekt mai 2005 – Fjord Inkubator AS

Saksframstilling

1. BAKGRUNN

Bakgrunn for at saka er reist

Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane har saman med Sunnfjord Næringsutvikling AS, Stryn næringshage AS og Byks AS i Måløy tek initiativ til å etablere ein høgkompetent fødselshjelpar for innovative forretningsidear i ulike deler av fylket – ein distribuert inkubator

Historikk - tidlegare vedtak

Distribuerte inkubatorar har ikkje vore utprøvde i Sogn og Fjordane tidlegare. Tiltaket er omtala og prioritert i den nye regionalmeldinga (sitert innleiingsvis i prospektet)

Problemanalyse

Innovative og høgteknologiske nyetableringar er gjerne meir risikofylte og kompetanse-krevjande enn meir tradisjonelle etableringar. Sogn og Fjordane slit med å få "sin rimelege del" av denne typen bedriftsetableringar.

Andre opplysningar

Høgskulen i Sogn og Fjordane har vedteke å gje ei finansiering i samsvar med budsjett for 5 år framover (opplysning i søknaden).

2. OMTALE AV "FJORD INKUBATOR AS"

Partnarskapen bak initiativet representerer ulike og kompletterande miljø i fylket:

- Kunnskapsparken – fou og kommersialisering
- Byks AS – bedriftsperspektivet (bedrift utvikla gjennom inkubator ved NTNU)
- Sunnfjord næringsutvikling – kommunalt- og regionalt næringsutviklingsarbeid
- Stryn næringshage - næringshageperspektivet

Fjord Inkubator AS formulerer slik visjon og forretningsidé:

Visjon

- Fjord Inkubator skal vere ein katalysator for framtidens næringsliv i Sogn og Fjordane gjennom å skape eit profesjonelt vekstmiljø for innovative og høgteknologiske forretningsidear
- Fjord Inkubator skal verte nasjonalt leiande i arbeidet med næringslivsretting av innovative elev og studentverksemdar

Forretningsidé

- "Hjelpe fram innovative og høgteknologiske forretningsidear med stort potensial på vegen frå idé til kommersialisering"
- Tilby "fylket"; industrien, fou-miljø, finansinstitusjonar og investorar framtidsretta, konkurransekraftige og kompetanseintensive verdiskapingsobjekt
 - Desse forretningsideane skal fangast opp i idéfasen og vurderast/kvalifiserast for opptak i inkubatoren. Maks levetid i inkubatoren for eit prosjekt er 3 år. Frå idé – via prosjekt – til verksemd
 - Det skal vere attraktivt å verte teken opp som inkubatorprosjekt. Det skal hefte eit kvalitets- og innovasjonsstempel ved dei prosjekta som vert tekne inn i inkubatoren

Målgruppa for inkubatoren:

- Gründere/entreprenørar som har ein innovativ forretningsidé
 - Gründere/idétakarar; forretningsidear på idé-stadiet
 - Nystarta verksemder og spin-off prosjekt i etablerte verksemder
 - Rekruttering av inkubatorprosjekt og gründere frå NTNU og andre teknologimiljø
- Elevar og studentar i vidaregåande skuler, høgskule og universitet
 - Ungdomsbedrifter – Ungt entreprenørskap
 - Studentbedrifter og NyskappingsCup – Høgskulen i Sogn og Fjordane
 - Trainear

Fjord Inkubator AS er tenkt skipa som eit aksjeselskap under Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS. Drift, opptak av kandidatar til inkubatoren og strategi skal utøvast av ei styringsgruppe samansette av initiativtakarane som likeverdige partar. Initiativtakarane er opne for å inkludere fleire partnarar i styringsgruppa om dette vert naturleg. Organisasjonen er nærare omtala i vedlegg 1 til prospektet.

Innhaldet (Kompetanse – Kapital – Nettverk) vert lista opp slik:

KOMPETANSE

- **Syretest**
 - "Trykktank" kor røynde næringslivsfolk "går laus på" dei einskilte inkubatorverksemdene, evaluerer desse og gjev råd på forretningsutvikling
 - Samlingar to gonger årleg intensivt (24 timar)
 - Ein fast "pool" av røynde næringslivsfolk vert engasjerte
 - Styringsgruppa regisserer opplegget
- **Tilbod om opplærings/kurstilbod innan forretningsdrift/merkantilt/patent**
 - Take Off og Ideportalen (NTNU) / "Elementær rekneskapsforståing" (HSF)
- Kopling mot Innovasjon Norge sitt opplegg "Alkymisten" og liknande
- Rådgiving mot finansieringskjelder (Innovasjon Norge) og Bank ("inkubator garanti")
- Informasjon frå bankar, forsikring, styreakademiet, offentlege (t.d. aetat) om krav, tenestetilbod osv.

KAPITAL

- **Investorkontakt**
 - Presentasjonsrunder for Fjord Invest såkorn, Kunnskapsparken, INC Invest, og "Måløymiljøet" m.fl.
 - Kople opp mot Venture Cup
 - Venturemiljøet for teknologiinvesteringar; Bergen (SARSIA) og Trondheim (Viking, Sinvent)

NETTVERK

- **Fou-miljø**
 - HSF-kontakt (HSF sin ansvarlege for nyskaping, inkubator, Nyskappingscup)
 - Vestlandsforskning: Kompetansemekling
 - NTNU-attaché
 - Idéportalen (NTNU-HSF-SIVA-Kunnskapsparken)
 - Utvekslingsavtale med Innovasjonssenter Gløshaugen
 - Kople opp mot Take-Off (NTNU)
 - Avtale med NTNU Technology Transfer Office
- **IPR**
 - LEN (*v/Britt Mellegård*)
 - Andre patentbyrå
 - Innovasjon Norge
- **Industri**
 - Industri inkubator i Stryn
 - Industri:"Måløy-miljøet": Havbruk
 - Industri inkubator Inkubas, Årdal & Høyanger
 - Flora Næringshage: Akvakultur

Finansierings- og driftsmodellen er i samsvar med gjeldande praksis i andre inkubatorar og legg opp til ein femårig finansieringspakke. Estimert total kostnad pr år er sett til kr 1.799.250. Budsjettet er sett opp slik:

Budsjettmål: Balanse (*non-profit modell*)

		BUDSJETT	BUDSJETT
		2005 (3 mnd.)	2006
INNETEKTER	<i>(note 1)</i>		
SIVA (50% av totalkostnad)		kr -	kr 899 625,00
SFFK (20% av totalkostnad)		kr 89 962,50	kr 359 850,00
HSF (15% av totalkostnad)		kr 67 471,88	kr 269 887,50
Bankar (flat rate)		kr 50 000,00	kr 200 000,00
DAA – Fond (flat rate)		kr 100 000,00	kr 500 000,00
Leigeinntekter (50% av totalt areal)		kr -	kr 132 000,00
Andre (private verksemd.)		kr 25 000,00	kr 100 000,00
SUM INNETEKTER		kr 332 434,38	kr 2 461 362,50

PERSONALKOSTNADER		<i>(note 2)</i>	
Lønninger	kr	-	
Innleigde tjenester	kr	289 062,50	kr 1 156 250,00
Trygderefusjoner	kr	-	kr -
Feriepenger	kr	-	kr -
Styrehonorar	kr	-	kr -
Arbeidsgivaravgift	kr	-	kr -
Arb.g.avg. av feriepengar	kr	-	kr -
Pensjonskostnader	kr	-	kr -
Sum personalkostnader	kr	289 062,50	kr 1 156 250,00
DRIFTSKOSTNADER			
Leige lokaler <i>(note 3)</i>	kr	66 000,00	kr 264 000,00
Leige infrastruktur <i>(note 4)</i>	kr	66 000,00	kr 264 000,00
Andre kontorkostnader	kr	5 000,00	kr 20 000,00
Reiser / Diett	kr	5 000,00	kr 20 000,00
Bankkostnader	kr	1 250,00	kr 5 000,00
Rekneskap / revisjon	kr	5 000,00	kr 20 000,00
Møtekostnader	kr	5 000,00	kr 20 000,00
Diverse kostnader	kr	5 000,00	kr 20 000,00
Avskrivning	kr	2 500,00	kr 10 000,00
Sum Driftskostnader	kr	160 750,00	kr 643 000,00
Sum kostnader	kr	449 812,50	kr 1 799 250,00
DRIFTSRESULTAT		kr (117 378,13)	kr 662 112,50

4. VURDERING OG KONSEKVENSA

Økonomi-/budsjettkonsekvensar

Søknaden til Sogn og Fjordane fylkeskommune er på 20% av tiotalkostnaden; dvs kr 89.962,50 for 3 mnd i 2005 og kr 359.850,00 for 2006 og tilsvarende for 2007-2009.

Rettslege konsekvensar

Sogn og Fjordane fylkeskommune eig aksjar i Kunnskapsparken som i sin tur vert 100% eigar av Fjord Inkubator AS. Rettslege konsekvensar: ingen spesielle.

Personalpolitiske konsekvensar

Ingen

Plan- og miljømessige konsekvensar

Eit positivt bidrag til intensjonen i fylkesplanen om å stimulere til sterkare og meir dynamiske kompetansebaserte / tenesteytande bedrifter i Sogn og Fjordane

5. KONKLUSJON /TILRÅDING

Fylkesdirektøren vurderer initiativet som svært positivt. Dersom alle finansieringskjeldene kjem på plass, er tiltaket overfinansiert med kr 662.112 pr år frå 2006 og underfinansiert med kr 117.378 i dei tre oppstartmånadene i 2005. Fylkeskommunen kan ikkje medverke med driftsmidlar som gir eit slikt overskot. Fylkeskommunen er tenkt å skulle finansiere 20% av kostnadene. Fylkesdirektøren føreslår at vi gir tilsegn om kr 450.000 for 2005 og 2006. Summen dekker budsjettert underskot for 2005 og eit beløp for 2006 som er redusert pga budsjettert overskot;slik:

For 2005:	Kr 89.962,50 + kr 117.378,13 (avrunda til):	Kr: 200.000
For 2006:	Kr 359.850 – ca 20% av kr 662.112, avrunda opp til:	<u>250.000</u>
For 2005 og 2006:		Kr 450.000

Summen er i samsvar med søknad, men signaliserer større oppstarthjelp og mindre årleg bidrag enn det søkjar legg opp til.

Fylkeskommunen bør signalisere at ein er med for ein 5 års periode med atterhald om vesentleg endring av framtidig storleik på budsjetttrammene. Samstundes må ein stille krav om at Fjord Inkubator AS dokumenterer resultat i samsvar med målsetting og skissert innhald (jfr vedlegg 1 pkt 3 i prospektet).

Fylkesdirektøren vil ikkje stille krav om styreplass eller stille krav om anna utviding av styret. Vi vil likevel ta atterhald om å vurdere dette på nytt dersom andre finansiørar stiller krav om styreplass for seg.

Fylkesdirektøren ser etablering av Fjord Inkubator AS som eit viktig instrument for å realisere måla i ny fylkesplan. Tiltaket går på tvers av fleire av innsatsområde. Vi ser ma under aktivitetsområde ”nettverk” at det er viktige aktørar som ikkje er nemnde. Eit døme er ”marin vest losane” som har oppgåver med betydning for inkubatorverksemda. Fylkesdirektøren ønskjer derfor å stille krav om at tiltaket vert forankra i fylkesplangjennomføringa; enten ved at det vert knytt opp mot eit av satsingsområda eller mest naturleg; ved at det vert etablert ei eiga gruppe som arbeider særskilt med tema innovasjon i fylket.